

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/426-1

## **Justering av arbeidsplanen for perioden 2016 - 2019 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Arbeidsplanen for perioden 2016 – 2019 vert justert av fylkesrådet i møte 5. februar 2018.**

### **Vedlegg:**

Arbeidsplan 2016 - 2019

## **SAKSFRAMSTILLING**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har som mål å jobbe for:

- Likeverd og likestilling, gjennom moglegheit for likeverdig deltaking i samfunn, skule og arbeid
- Eit meir tolerant samfunn utan diskriminering og mobbing
- Handlings- og bevegelsesfridom som inneber like økonomiske, kunnskapsmessige og sosiale rettigheter for alle
- Innbyggjarane og fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane skal vite kva fylkesrådet er, og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

Aktivitet i 2017:

- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane arrangerte landskonferanse saman med Hordaland og Rogaland. Landskonferansen var i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO har oppretthalde den gode dialogen med brukarorganisasjonane
- Sendt uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne

Medlemmane i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem i møte 5. februar med forslag til konkrete aktivitetar i 2018.